



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 21/2016

Møtedato: 22.3.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

## S691, Jaslangen – søknd om uthus

Knut Berge søker om å få føre opp nytt uthus på stølen. Huset er 26 m<sup>2</sup>. Gamalt fjøs på 39 m<sup>2</sup> skal rivast.

Søkjær skriv følgjande i søknaden:

*Eg har no sett opp det gamle huset som stod i Mørken og restaurert den gamle timbra som stod på Jaslangen, samt fjerna sælet slik som det vart søkt og godkjent for.*

*Då det med dagens drift ikkje er eit fjøs som fungerer ønskjer eg også å fjerne dette.*

*Eg ser også at det ville bli et svert fint tun om eg får fjerna fjøset som står på Jaslangen og satt opp andre etasjen av bua som står i Mørken i dag som eit uthus. På denne måten vil fjøs på 39m<sup>2</sup> bli fjerna og erstatta med andre etasjen av bua i Mørken på 16,5 m<sup>2</sup> + svalgang 10m<sup>2</sup>.*

*Dette er den mest fornuftige måten å få teke vare på bua som elles vil forfalle, og at den også vil kome til i stå ved sidan av det huset som det opprinneleg har stått.*

*Eg ynskjer ikkje å setje opp meir enn ein etasje då eg meiner dette vil bli skjemma med høgda.*

Stølen blir brukt til beite. Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Statskog har gjeve følgjande uttale datert 17.6.16:

*Statskog har ingen innvendinger til tiltaket annet enn at tiltaket tilpasses lokal byggeskikk.*

Fjellstyret har ikkje motteke uttale frå Oppland fylkeskomme (OFK). Saka var sendt over til OFK, men saksbehandlar hadde slutta og e-post kom ikkje fram. Saka vart sendt over på nytt den 14.juni og det er ikkje sikkert OFK kan gi uttale før fjellstyret har møte. Fjellstyret kan ev. behandle saka og be søkjær ta omsyn til uttale frå OFK. Fjellstyret kan ev. behandle saka og be søkjær ta omsyn til uttale frå Oppland fylkeskomme.

### Framlegg til vedtak

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte uthus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta.

Løyve til oppføring av nytt uthus er gjeve på vilkår av at Oppland fylkeskomme ikkje har merknader til riving av fjøset. Fjellstyret ber søkjær om å følgje ev. tilråding frå Oppland fylkeskommune om utforming av uthuset. Oppføring av nytt uthus kan ikkje ta til før gamalt fjøs er fjerna.

### Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for det omsøkte uthus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta.

Løyve til oppføring av nytt uthus er gjeve på vilkår av at Oppland fylkeskomme ikkje har merknader til riving av fjøset. Fjellstyret ber søkjær om å følgje ev. tilråding frå Oppland fylkeskommune om utforming av uthuset. Oppføring av nytt uthus kan ikkje ta til før gamalt fjøs er fjerna.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 29.6.16

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Knut Berge, Statskog, Vestre Slidre kommune